

Ing. K. Dømbe  
Ketil Dømbe  
Fanaveien 221 c  
5239 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1167 - 22/8163

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
11.10.2022

## Endringsløyve for tiltak på gbnr 130/112 med ny ansvarsrettar - Mongstadvegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 100/22**

Vi syner til søknad motteke 10.10.2022

### Vedtak

**Det vert godkjent endring av omsøkte ansvarsrettar i medhald av plan- og bygningslova § 23-3.**

### Saksutgreiing:

#### Bygningsmynda si drøfting/grunngeving:

Det er søkt følgjande endringar i ansvarsrett:

1. Ansvar for sanitærinstallasjonar med PRO og UTF vert endra til Lindås VVS Nils Træland (orgnr. 915836445).
2. Ansvar for betongelement med PRO og UTF vert endra til CON-FORM BERGEN AS (orgnr. 978650783).

I søknad står det:

## Byttet foretak for Betongelementer - ny ansvarsrett Ny ansvarsrett for sanitetsinstallasjoner

Gjennomføringsplan datert den 10.10.2022 er lagt ved. Det gjeld og erklæring om ansvarsrett for dei to nye føretaka.

Endringsøknad er komplett og funne i orden.

### **Konklusjon:**

#### **Det vert godkjent endring av omsøkte ansvarsrettar.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Når arbeida vert ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

#### **Lykke til med arbeidet vidare!**

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at*

*klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Mottakere:**

Ing. K. Dømbe

Fanaveien 221 c 5239

RÅDAL